

03.06.2009

Bli støttemedlem til skulemusikken!

Skulemusikken spelar ved bautaen 17. mai i år. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Også i år går skulemusikken ut og ber bygdafolket om å teikna støttemedlemskap. Det fører ikkje til nokon forpliktelsar, men er ein rein økonomisk støtte.
Derfor er det heller ikkje sett nokon fast kontingen, kvar og ein kan bestemma summen etter ønskje og hjartelag. Eit skriv om saka er no spreidd til postkassane i bygda og responsen plar vera god.

Uskedalen skulemusikk er heldige og har framleis omlag 20 og særslig lovande musikantar som held eit høgt musikalsk nivå, blir det slege fast i oppmodinga om støttemedlemskap. Det er ein kjempeflott gjeng som vi har god grunn til å vera stolte av og som er svært gode ambassadørar for heimbygda si.

Storkonsertane med frank Brodahl i fjor og 'Ungt Blod'-konserten i år vart lagt merke til langt utanfor Kvinnherad sine grenser. På Karmøy Brassfestival, på sommarkursa og i andre samanhengar vert korpslagt merke til og tildelt utfordrande oppgåver, men likevel er det alltid ekstra kjekt å spela på 17. mai og under andre arrangement i bygda.

Styret i skulemusikken strekar under at det er kostbart å driva korps og at instrument og instruksjon utgjer dei største utgiftspostane, Firgent Anders Christensen er ein særslig dugande musikalsk leiar og i tillegg har dei hatt mange dugande instruktørar på ulike seminar.

I tillegg til dei faste utgiftene må det i år setjast av ein post til ny fane fordi ho vart øydelagd i vinden 17. mai. Det må vurderast om ho kan repararast eller om det må lagast ei ny.

Styret minnar også om ordninga til Norsk Tipping med Grasritandelen. Til no har 48 støtte skulemusikken med 6.500 kroner.

Korpslagt kan høyrast på heimebane ved to høve denne månaden - på Aktivitetsdagen 13. juni og på kulturskulekonsert i Helgheim 16. juni. Då vil dei mellom anna spela musikk som ikkje vart brukta 17. mai, til

dømes av afrikanske Fieldband Foundation og Grand Prix-slagaren Fairytale, som er innøvd på dei siste øvingane.

Av Ola Matti Mathisen